



## Årsmelding for Laget Vårsøg – 2009

### Styret, administrasjon og organisering.

#### Styret.

Styreleiar:	Bergsvein Brøske
Nestleiar:	Borghild Talgø
Styremedlemmar:	Leif Otto Frønes, Per Jarle Riksheim, Guro Redalen, Kjersti Mahle Brøske, Einar Grønnes
Varamedlemmar:	Oddbjørn Ansnes, Holger Skei
Kunstnerisk leiar:	Henning Sommerro
Regnskapsansvarleg:	Holger Skei

Begge varamedlemmene har delteke fast på styremøta.

Laget Vårsøg har i 2009 kjøpt dagleg leiar-funksjon frå Surnadal Utvikling AS, no Profero AS, ved Margrete Seter.

Styret har hatt 10 styremøte og behandla 67 saker. Styret fungerer også som arrangementskomité under gjennomføringa av Vårsøghelga, der dei legg ned ein imponerande stor innsats og mange arbeidstimar.

Dei fleste førestillingane under Vårsøghelga er ikkje "ferdigkjøpte", men sett saman som ein collage av kjende og ukjende artistar. Slik oppstår spanande og nye uttrykk, men det seier seg óg at dette er svært arbeidskrevjande. Denne arbeidsmåten kviler også for ein stor del på kunstnerisk leiar, som er ein uvurderleg ressurs for laget Vårsøg. I tillegg til betalt administrativ ressurs, er vi óg heilt avhengige av ein stor innsats frå samarbeidande organisasjonar i kommunen. I år kan vi spesielt nemne heimbygdlag, kunstforening, Svinvik Arboret, kulturskule, korps og pårørandeforeiningar. Andre frivillige var og med under gjennomføring av Vårsøghelga 2009; både på Vårsøgkontoret, som billettseljarar og som sjåførar.

Vi har i år, i tråd med konklusjonen frå ei arbeidsgruppe som i 2008 såg på arbeidsmåtar i laget, gjeve ansvar for kvar sine område til styremedlemmene. Profilerings/annonsar, skyssopplegg, teknikk og heimesider er av dei "delegerte områda". Stort sett har dette fungert godt, men arbeidoppgåvene til den enkelte kan for seinare klargjerast enno betre.


## Vårsøghelga 2009

### Publikum

Vårsøghelga har no eksistert i femten år. Vi har blitt ein festival som utfordrar publikum på fleire områder, medan vi på andre områder igjen gir dei det trygge og gode som dei ønskjer seg. Dei får "Vårsøg" og Henning på Kleiva, men óg afrikanske trommer og flamenco. Vi har eit godt vakse publikum, mange av dei fell inn i det tradisjonelle publikumssegmentet for kultur; midt i livet og høgare utdanning. Men på same tid har vi med oss det lokale publikummet og dei yngre, som kjem fordi Kleivakvelden er tradisjon og Vårsøghelga ein del av vår identitet. Det er framleis ei utfordring å gje attraktive tilbod til alle publikumssegment. Å legge til rette for deltaking og inspirasjon til unge lokale artistar, har vore ein raud tråd gjennom desse femten åra, noko vi synes vi i år lukkast svært godt med gjennom "Nye stemmer frå Vårsøglandet" i 2009.

Vårsøghelga ein svært lite "kommersiell" kulturfestival, med sympatiske billettprisar. Vårsøghelga 2009 var ikkje noko unntak i så måte. For første gong selde vi i 2009 helgapass, til ein særst gunstig pris. Det undra oss kanskje at ikkje fleire kjøpte denne inngangsbilletten til alle arrangementa, men kanskje tek det litt tid å bli vand med nye tiltak. Vi er svært godt nøgd med at publikumstala tok seg svært godt opp frå 2008, men meiner vi framleis bør ha eit potensiale for høgare publikumstal. At Vindens Hjul ikkje fylte Stangvik kyrkje søndag, er rett og slett ikkje til å forstå for nokon av dei som var til stades.

Utvikling selde billetter Vårsøghelga



### Artistar

Artistane som gjestar Vårsøghelga, er eit kapittel for seg. Her er lokale, unge artistar på veg opp, orkester og kor av topp kvalitet og kunstnarar i nordisk elitedivisjon.

Her er dei fleste artistane frå Vårsøghelga 2009.

Kjell Nupen Anne Karin Elstad Svein Sæter Kolbjørn, Else-May og Irene Botten Aure-donnaene Klyveran  
Hans Kristiansen Per Hjort Albertsen Alf Ramsøy Tramp Flammenensemble Jan Erik Larsen Julius Sharo  
Shutu Iddy Aziz Henning Sommerro John Pål Inderberg Frode Alnæs Lena Willemark Øremazzørene  
Jo Inge Nes Paolo Vinnachia Kari Rønnekleiv Ole Henrik Moe Kristian Lindemann Jon Skogstad  
Trondheim Sinfonietta Lars Eggen Eva Holm Foosnæs Operagruppe Trondheim Musikkonservatorium  
Dalakopa Dansegruppe Surnadal heimbygdlag ORKlang Battery Perikum Frøkenstiftelsen Hazel Band  
Ingrid Halle/Sigrid Bø Steinar Værnes Jostein Ansnes Lone Eines Mona Spigseth Aleksander Mork

Styret legg stor vinn på å vere eit godt vertskap, og vi har ei sterk kjensle av at alle reiste heim frå Surnadal med eit særst godt inntrykk av bygda og oss.

## Nye grep

Vårsøghelga 2008 gjekk over i historia som eit arrangement med utruleg mange fine kulturopplevingar, men med litt for låg publikumsappell. Det nye styret sette seg difor som mål å "vinne bygda for Vårsøg på nytt", og dette meiner vi å ha lukkast med.


For å få til dette, tok vi nokre grep. Vi stramma opp og fornya Kleivakvelden, mellom anna ved gjennomtenkt bruk av konferansier, vi laga ein seinfredags-kveld med høg kvalitet og laus snipp i Kulturhuset det etterpå gjekk gjetord om, vi reduserte talet på arrangement og gjorde helga mindre heseblesande, og vi ga rom til dei unge stemmene i form av ein eigen konsert søndag. I tillegg spanderte vi kultur av topp kvalitet på dei yngste og dei eldste.

Vårsøghelga hadde også i år store gratisarrangement og fleire "smale" arrangement. To fulle storsalar med småungar fekk fredag møte spelemannsprisvinnaren Trondheim Sinfonietta med Så Rart..., og laurdag var kulturhuset stuvande fullt av seniorar som møtte sine jamnaldingar Per Hjort Albertsen, Alf Ramsøy og Hans Kristiansen. Lindeman-markeringa på Øverlandet, ein nyskriven opera og ein gammal opera i ny drakt vekte stor begeistring hos publikum, men så smale arrangement dreg ikkje de stor publikumsskarane.

## Økonomi

2007 og 2008 kom diverre ut med mindre økonomiske underskot. Det er difor gledeleg at vi i 2009 kjem ut med eit lite overskot.

Vårsøghelga - økonomisk resultat 2006 - 2009



Styret har ei målsetting om å styrkje økonomien ytterlegare gjennom større sponsorbidrag frå næringsliv, nye samarbeidspartar ved gratisarrangementa og sjølvsgt – ved auka billettsal. Dagleg leiar er óg i ferd med å utvikle eit betre system for økonomistyring, slik at vi undervegs til einkvar tid skal ha enda betre kontroll på utgiftsida vår og eit betre reiskap for rapportering til mellom anna kulturrådet. Surnadal kommune løyver kr.95 000 på kulturbudsjettet, i tillegg fekk Laget Vårsøg for 2009 eit tilskott til profilering over næringsfondet på kr.125.000. Vi har eit fast driftstilskot frå Møre og Romsdal fylke (frå og med 2007) på kr 70.000. Vårsøghelga fekk for 2008 og 2009 tilskot frå Norsk Kulturråd, siste året på 200.000 kr. Vi har no inne ein søknad om fornya støtte i tre år, og søker om 300.000 kr årleg. For 2010 vil det bli skrive ein fastare avtale med Profero AS om kjøp av tenester.

### **Vidare utvikling**

Den positive trenden frå Vårsøghelga 2009 ynskjer styret å ta vidare i ei kulturell reise i åra som kjem. Vi vil forfølge suksessen frå i år og gå enda vidare i å utvikle blant anna fredagskvelden. Vi ynskjer å møte folk ute, i butikksenter og på kaféar. I fjor hadde vi korsong og afrikanske trommer på Torgplassen. Slikt skal vi ha meir av! Vi vurderer óg å leggje arrangement utanom sjølve helga, vi ynskjer å få med oss fleire nordiske artistar, og vi tenkjer å søkje kontakt med Ivar Aasen-senteret.

Vi har opplevd mange pinsehelger med strålande kultur i Surnadal, men ser det som eit særst godt teikn at svært mange meinte Vårsøghelga 2009 var den beste i sitt slag så langt. "Jubel" er vel ordet som nærast dekkjer stemninga da Kleivakvelden tona ut med songen "Vårsøg".

Styret i Laget Vårsøg går entusiastisk inn i vidare planlegging av Vårsøghelga 2010 etter mange godord denne våren, men også vel vitande om at fornying, kvalitet og kontroll er naudsynt for framtida.

Bergsvein Bröske

Borghild Talgø

Per Jarle Riksheim

Leif Otto Frønes

Kjersti Mahle Bröske

Einar Grønnes